


Meisterspelerne

Svein Tindberg og Benedicte Maurseth held publikum i "Andvake" i Odda kino i kveld. Det var to meisterspelere som stod på scena.

Svein Knutsen



Publisert 21.02.2009 kl 23:30 Oppdatert 21.02.2009 kl 23:32

Sammen med regissør Kjetil Bang-Hansen er Svein Tindberg kjend for sine framføringer frå mellom anna Markus-evangeliet. På same måte har dei tilegna seg Jon Fosse sin roman "Andvake." Også denne kan leses ut fra ein religiøs kontekst, sjølv om tonen er mykje mørkare. Det handlar om den gravide kvinna Alida og kjæresten, spelemannen Asle. Dei går rundt i Bjørgvin for å finne huslys, men det er inga som vil ta imot dei.

Som ingen annan klarar Tindberg å gje historia liv, og regien er enkel, men effektiv. Tilskådarane vert meir og meir trukke inn i handlinga slik at dei vert ein del av han. Tindberg brukar ordene som ein dirigent leiar eit stort symfoniorkester, og her kjem Benedicte Maurseth inn i bilete. Det er ho som har skrive musikken til teaterstykket, ho som framfører den. Benedicte sine vakre hardingtonar gjev forteljinga ein musikalsk grunnmur som gjer at dette vert til noko mykje meir ein opplesing av ein roman med musikalske pauseinnslag. Heile framsyninga er ein heilskap mellom ord og tonar, framført av to vakre musikkinstrument, stemma og hardingfela.

Samspelet mellom Benedicte og Svein er framifrå. Dei bærer fram framsyninga på ein måte som går til hjarte hos tilhøyrarane. På scena er dei to likeverde. Benedicte har skapt eit musikalsk meistersverk som maktar å skildra alle dei ulike stemningar som det finns i romanen. Dette er ikkje berre nyskapen musikk av ein debutant som fort vil gå i gløymeboka.

Med "Andvake" har Svein Tindberg, Benedicte Maurseth og regissør Kjetil Bang-Hansen skapt ein ny måte å gje liv til ein tekst som ikkje vert bearbeid for teater.

Og hadde det ikkje vore fordi det er Benedicte som har skrive musikken til romanen, skulle ein trudd at Jon Fosse hadde skrive teksten etter å ha høyrd Benedicte sine musikk.

Det er rett og slett tonar som gjer godt i sjela, eit storverk som peikar både bakover og framover.

Vår eiga fortid. Vår eiga framtid. Takk, Benedicte Maurseth og Svein Tindberg.



Benedicte Maurseth og Svein Tindberg tek imot applaus i Odda kino i kveld. Foto: Svein Knutsen

På framsida no



Bare to fra Hordaland vil gå på smedlinje

De endelige søkertallene til den nye

To masteaksjonist ble frifunnet

Bergens Tidende melder at to av de åtte aksjonistene i Hardangeraksjonen ble frifunnet.



OdDale vant Hordablæsten

Samarbeidskorpset Odda Skolekorps, og Dale/Stanghelle gikk i helgen helt til topps i Hordablæsten for korps.

Sjekk fjelloverganger her

Det har vært en ny helg med vanskelige kjøreforhold på fjellovergangerne. Oppdater deg på situasjonen her.